**Fra:** Lise Ådlandsvik <Lise.Adlandsvik@hfk.no>
**Sendt:** 25. august 2014 09:04
**Til:** Kjersti Flatråker
**Emne:** SV: Trafikksikker kommune - Radøy som pilotkommune?

**Kategorier:** ARKIVERT I FOKUS

Hei.
Vi er spent på om de har vurdert utfordringa vår om prosjektet Trafikksikker kommune, og med det vere pilotkommune i Hordaland? Som de kjenner til så er dette eit prosjekt i Trygg Trafikk, og når den nye distriktsleiaren i Hordaland tek til i november vil dette vere eit av at dei prosjekta som han vil arbeide mykje med. Vi ser føre oss at Radøy kommune har det som skal til for å kunne delta i dette arbeidet.

Høyrer frå dykk.

**Lise Ådlandsvik**
Rådgjevar
Samferdselsavdelinga | vegseksjon

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Tlf: 55 23 91 56 | Mob: 92 62 19 73
www.hordaland.no |

---

**Fra:** Kjersti Flatråker [mailto:kjersti.flatraker@radoy.kommune.no]
**Sendt:** 2. mai 2014 11:18
**Til:** Lise Ådlandsvik
**Emne:** SV: Trafikksikker kommune - Radøy som pilotkommune?

Hei og takk for utfordringa!
Eg har spelt det vidare opp i systemet her hos oss. Skal gje deg ei tilbakemelding når eg veit noko meir.

Frå Kjersti Flatråker

---

**Fra:** Lise Ådlandsvik [mailto:Lise.Adlandsvik@hfk.no]
**Sendt:** 29. april 2014 11:55
**Til:** Kjersti Flatråker
**Emne:** Trafikksikker kommune - Radøy som pilotkommune?

Hei.
Viser til kontakt etter trafikksikringskonferanse for kommunane i november 2013. Eit av innlegga på konferansen var ved Trygg Trafikk, og omhandla det nye prosjektet «Trafikksikker kommune». Som det vart sagt på konferansen så er dette prosjektet eit av satsingsområda til Hordaland fylkeskommunen denne handlingsplanperioden (2014-2017). Fylkeskommunen har sett av midlar til prosjektet som gå til kommunar som vert sertifisert. For heile planperioden er det sett som mål at 10 kommunar i Hordaland vert sertifisert, og at desse får stimuleringsmidlar frå fylkeskommunen på inntil 100.000 kr kvar.

Ettersom Radøy kommune no er i gong med rullering av sin trafikksikringsplan så ønskjer fylkeskommunen i den samanhengen å løfte spørsmålet om det kan vere aktuelt for kommunen å arbeide for å verte sertifisert som ein Trafikksikker kommune. Dette kan evt arbeidast inn i planen som ei

målsetjing for planperioden. I så tilfelle vil Radøy kommune verte den fyrste kommunen i Hordaland som set i gang dette arbeidet. Ut frå dei føresetnadane som Radøy kommune har til å oppnå denne statusen, så er dette altså i fyrste omgang ein uformell førespurnad frå fylkeskommunen om Radøy kommune kan tenkje seg å vere pilotkommune i Trafikksikker kommune-prosjektet i Hordaland.

Vedlagt finn de meir informasjon om prosjektet.

Trygg Trafikk si side om Trafikksikker kommune:
http://www.tryggtrafikk.no/tema/trafikksikker-kommune/

Med helsing


**Lise Ådlandsvik**
Rådgjevar
Samferdselsavdelinga | vegseksjon

HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Tlf: 55 23 91 56 | Mob: 92 62 19 73
www.hordaland.no |


---

**Fra:** Lise Ådlandsvik
**Sendt:** 15. november 2013 10:32
**Til:** 'Kjersti Flatråker'
**Emne:** SV: Trafikksikringskonferanse for kommunane i Hordaland 14. november 2013 - presentasjonar

Hei, og takk for det. Så flott de er inspirert!

Takk for innspelet. Dei to tidlegare åra har vi hatt innlegg frå ulike kommunar og deira TS-arbeid/TS-planar. Vedlagt er nokre av presentasjonane. Lindås kommune sin plan vart ferdigstilt for nokre år sidan (kontaktperson i kommunen: Berit Karin Bruvik), medan Fjell kommune sin plan vart ferdig i fjor (Tore Dale/Marit Sigurdson). Både Askøy (Turid Gråberg) og Os kommune (Kirsti Huse Runi) arbeider med sine TS-planar no. Fjell fekk laga til ein bra plan som kan vere til hjelp for dykk, og på Askøy har dei brukt eit flott datasystem der innbyggjarane sjølv kan melde inn saker/ønskjer til planen. Verdt å høyre meir med Gråberg om det. Dette er berre eit par tips til arbeidet som står føre dykk.

Elles vil vi minne om at de kan søkje fylkeskommunen om tilskot til utarbeiding av TS-planen. Vi har ikkje fått så mange søknader til no, - så det er absolutt von om at de kan få tildelt midlar. **Fristen er 1. desember**. Under er litt meir info om midlane henta frå nettsida vår (www.hordaland.no/ftu):

***Tilskot til kommunale trafikksikringsplanar***
*Det er eit ynskje hjå fylkeskommunen at alle kommunane til ei kvar tid har oppdaterte trafikksikringsplanar. Kommunane i Hordaland kan søkje om tilskot til utarbeiding av slike planar. Det kan søkjast om tilskot til mellom anna nødvendig innleige av hjelp til utarbeiding av plan, trykking osb., men ikkje til bruk av kommunale ressursar. Søknadane vert vurdert på grunnlag av status på planarbeidet, type arbeid det vert søkt til, om kommunen har utarbeidd trafikksikringsplan tidlegare og årstal for denne, samt storleiken på kommunen når det gjeld innbyggjartal, vegnett og dels ulukkestatistikk.*

*Hordaland fylkeskommune har løyvd kr 500.000 til utabeiding av kommunale trafikksikringsplanar i 2013. Frist for å søkje om tilskot er sett til **1. desember 2013**. Alle søknadane vert vurdert samla. Søknaden vert å sende i eige brev til Hordaland fylkeskommune innan fristen, merka saksnr. 201001515.*

Send ein enkel søknad i brevs form. Her kan de sei noko om noverande plan, og forventa planprosess, samt ha med ein oversikt over forventa budsjett og kva de spesifikt søkjer om midlar til.

Ta gjerne kontakt om det skulle vere noko.

**Lise Ådlandsvik**
Rådgjevar
Samferdselsavdelinga | vegseksjon

HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Tlf: 55 23 91 56 | Mob: 92 62 19 73
www.hordaland.no |

---

**Fra:** Kjersti Flatråker [mailto:kjersti.flatraker@radoy.kommune.no]
**Sendt:** 15. november 2013 10:10
**Til:** Lise Ådlandsvik
**Kopi:** Tore Rikstad
**Emne:** VS: Trafikksikringskonferanse for kommunane i Hordaland 14. november 2013 - presentasjonar

Takk for fint seminar i går!
Me er inspirerte i vårt arbeid med å revidere gjeldande trafikksikringsplan.
Sakna eit innlegg i frå ein kommune med praktiske tips… Noko å tenkje på til neste gong?

Frå Kjersti Flatråker

---

**Fra:** Lise Ådlandsvik [mailto:Lise.Adlandsvik@hfk.no]
**Sendt:** 15. november 2013 10:05
**Til:** Thorbjørn Aarethun; 'marit.aase@samnanger.kommune.no'; 'aase@tryggtrafikk.no'; Terje Aasen; Eli Årdal Berland; 'Geir Birkenfeldt (post@birkenfeldt-trafikkskole.no) (post@birkenfeldt-trafikkskole.no)'; Silja Ekeland Bjørkly; 'hcbo@os-ho.kommune.no'; 'therese.borgen@fjell.kommune.no'; Ordførar Lindås; 'anne.boe@vegvesen.no'; 'tore.dale@fjell.kommune.no'; 'hans.ekeberg@fusi.no'; Berit M Eskeland; Harry Finseth; Kjersti Flatråker; Heidi Follevåg; Alf Helge Greaker; Nils E Grude; 'elinhorntvedt.gullbra@bergen.kommune.no'; 'oyvind.haga@bergen.kommune.no'; Øyvind Hardeland; 'svein.arne.hatlevik@politiet.no'; 'oystein.havsgard@fusa.kommune.no'; 'heieraas@tryggtrafikk.no'; Roald Hovden; 'krh@os-ho.kommune.no'; 'per.ove.husevik@sklbb.no'; 'tor.hoyland@vegvesen.no'; Iril Schau Johansen; Atle Kvåle; Pål Kårbø; 'eirik.lia@odda.kommune.no'; Cathrine Lie; 'heming.lunestad@vegvesen.no'; Einar Lutro; 'silje.lyngstad@bergen.kommune.no'; 'sigurd.lotveit@vegvesen.no'; 'mariette.madsgaard@bergen.kommune.no'; Nils Medaas; 'marit.moss-iversen@vegvesen.no'; Kristin Ruud Myking; 'sissel.myren@fjell.kommune.no'; 'wenche.myrland@rogfk.no'; 'maeland@tryggtrafikk.no'; 'elin.nyheim@vegvesen.no'; Helge Nævdal; 'terje.oksnes@politiet.no'; Håkon Rasmussen; Karl Johannes Romarheim; Rolf Rosenlund; Stein Inge

Ryssdal; Tom Skauge; Vibeke Stoltz; 'oivind.hauge.stole@kpmg.no'; 'nils.petter.stoyva@sfj.no'; 'marianne.saveraas@vegvesen.no'; 'thorbjorn.thiem@vegvesen.no'; Matti Torgersen; 'bjorn.tvedt@vegvesen.no'; Inger Signe Ulvund; 'odd.inge.vestbo@etne.kommune.no'; '(svein.viken@vegvesen.no)'; 'hilde-lill.vaage@samnanger.kommune.no'
**Emne:** Trafikksikringskonferanse for kommunane i Hordaland 14. november 2013 - presentasjonar

Hei, og takk for god konferanse i går.

Alle presentasjonane frå konferansen finn de på www.hordaland.no/ftu under nyhendesaka «Trafikksikringskonferanse for kommunane 2013».

**Lise Ådlandsvik**
Rådgjevar
Samferdselsavdelinga | vegseksjon

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Tlf: 55 23 91 56 | Mob: 92 62 19 73
www.hordaland.no |

---

**Fra:** Lise Ådlandsvik
**Sendt:** 13. november 2013 09:16
**Til:** Thorbjørn Aarethun; 'marit.aase@samnanger.kommune.no'; 'aase@tryggtrafikk.no'; 'terje.aasen@austrheim.kommune.no'; Eli Årdal Berland; Geir Birkenfeldt (post@birkenfeldt-trafikkskole.no) (post@birkenfeldt-trafikkskole.no); 'silje.bjorkly@gmail.com'; 'hcbo@os-ho.kommune.no'; 'therese.borgen@fjell.kommune.no'; 'ordforar@lindas.kommune.no'; 'anne.boe@vegvesen.no'; 'tore.dale@fjell.kommune.no'; 'hans.ekeberg@fusi.no'; 'berit.eskeland@meland.kommune.no'; 'Harry.Finseth@meland.kommune.no'; 'kjersti.flatraker@radoy.kommune.no'; Heidi Follevåg; Alf Helge Greaker; Nils E Grude; 'elinhorntvedt.gullbra@bergen.kommune.no'; 'oyvind.haga@bergen.kommune.no'; Øyvind Hardeland; 'svein.arne.hatlevik@politiet.no'; 'oystein.havsgard@fusa.kommune.no'; 'heieraas@tryggtrafikk.no'; 'roald.hovden@osteroy.kommune.no'; 'krh@os-ho.kommune.no'; 'per.ove.husevik@sklbb.no'; 'tor.hoyland@vegvesen.no'; Iril Schau Johansen; Atle Kvåle; Pål Kårbø; 'eirik.lia@odda.kommune.no'; 'cathrine.lie@lindas.kommune.no'; 'heming.lunestad@vegvesen.no'; Einar Lutro; 'silje.lyngstad@bergen.kommune.no'; 'sigurd.lotveit@vegvesen.no'; 'mariette.madsgaard@bergen.kommune.no'; 'meni@lindas.kommune.no'; 'marit.moss-iversen@vegvesen.no'; 'kristin.ruud.myking@osteroy.kommune.no'; 'sissel.myren@fjell.kommune.no'; 'wenche.myrland@rogfk.no'; 'maeland@tryggtrafikk.no'; 'elin.nyheim@vegvesen.no'; Helge Nævdal; 'terje.oksnes@politiet.no'; Håkon Rasmussen; 'Karl.Johannes.Romarheim@lindas.kommune.no'; Rolf Rosenlund; Stein Inge Ryssdal; Tom Skauge; Vibeke Stoltz; 'oivind.hauge.stole@kpmg.no'; 'nils.petter.stoyva@sfj.no'; 'marianne.saveraas@vegvesen.no'; 'thorbjorn.thiem@vegvesen.no'; Matti Torgersen; 'bjorn.tvedt@vegvesen.no'; Inger Signe Ulvund; 'odd.inge.vestbo@etne.kommune.no'; (svein.viken@vegvesen.no); 'hilde-lill.vaage@samnanger.kommune.no'; Lise Ådlandsvik
**Emne:** Velkommen til Trafikksikringskonferanse for kommunane i Hordaland 14. november 2013 - program for dagen

Hei.
Velkommen til Trafikksikringskonferanse for kommunane i Hordaland 14. november 2013.

Vedlagt er program for dagen.

**Lise Ådlandsvik**
Rådgjevar
Samferdselsavdelinga | vegseksjon

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Tlf: 55 23 91 56 | Mob: 92 62 19 73
www.hordaland.no |